

§ 1. Føremål.

Næringsfondet skal fremje næringsutvikling ved å:

- Stimulere til nyetablering
- Utvikle eksisterande næringsliv/ infrastruktur
- Profilere næringslivet i kommunen
- Gjennomføre grunnlagsinvesteringar.

§ 2. Næringsfondet.

Kommunestyret avgjer storleiken på Næringsfondet i årlege budsjettvedtak.

§ 3. Mynde:

Formannskapet er næringsstyret og gjer vedtak om bruk av næringsfondmidlar i tråd med vedtektene. Klage på vedtak i næringsstyret skal handsamast andre gong i næringsstyret. Dersom Næringsstyret opprettheld sitt vedtak vert saka endeleg avgjort i kommunestyret.

Det skipast eit arbeidsutval samansett av: ordførar, rådmann og nærings sjef. Arbeidsutvalet kan gje stønad inntil kr 15.000,- i saker som ikkje er prinsipielle. Den i arbeidsutvalet som ikkje er samd i ei sak som arbeidsutvalet har avgjerdsmynde i: kan leggje saka fram for næringsstyret

Næringsstyret handsamar tildelingar 4 gonger kvart år: februar, juni, september og desember.

Løyvingar større enn ramma i §4a skal handsamast av kommunestyret.

§ 4. Virkemiddel og deira bruk.

a.

Tilskot kan gjevast med inntil 8 %, eller maksimalt kroner 100.000,-.

Sysselsetjing og verksemda/ næringa si betydning for lokalsamfunnet skal vurderast i høve storleik av støtte.

Eigeninnsats kan reknast inn i grunnlaget for tilskot.

Tilskot skal betalast attende om støtta tiltak vert utvikla eller seld mindre enn 3 år etter utbetaling.

Attendebetalinga reduserast med 1/3 pr. år, d.v.s. at første året etter utbetaling vert heile tilskotet å betale attende.

b.

Ved oppstart av ny verksemd kan det gjevast etableringstilskot.

§ 5. Rapportar, rekneskap og revisjon.

Vedtak i arbeidsutvalet refererast i næringsstyret.

Næringsstyret legg fram årsmelding for kommunestyret på ein måte som gjev høve til å drøfte næringspolitikken ein gong kvart år.

Revisjon vert føreteke av kommunerevisjonen.